

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
30/14	Plan- og miljøutvalet	PS	05.03.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Benjamin Hicks	Gbnr - 188/116	14/516

Søknad om etablering av gangbru i friområde gbnr 188/116 - Gjervik Ytre

Vedlegg:

Søknad om tiltak utan ansvarsrett

Søknad om dispensasjon

Teikning og kart

Uttale FM

Dokumentasjon til saka

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunen gjev sitt samtykke for gjennomføring av omsøkte gangbru, jf. pbl § 13-1 (2).

Kommunen gjev fritak for nabovarsling, jf. pbl § 21-3 (2), 1. punktum.

Kommunen gjev løyve til etablering av gangbru i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 08.01.2014, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-2.

Vilkår for løyve:

1. Planlagde biotopforbetrande tiltak vert gjennomført lenger nord i Kvassnesstemma. Dette omfattar oppbygging av etablerte småholmar i vatnet, samt etablering av hekkeplattformer i nærleiken av dette området.
2. Bygging av gangbru kan først gjennomførast etter at biotopforbetrande tiltak (1) er gjennomført, men ikkje før år 2015.
3. Bygging av gangbru må vere slutført før måsane tek til å hekke. Dersom dette ikkje let seg gjere må igangsetting av tiltaket utsetjast til år 2016.
4. Dersom det viser seg at tiltaket ikkje medfører ynskja resultat og tiltenkte effekt må gangbrua fjernast og arealet sikrast mot ferdsle inn i området.

Det er tiltakshavar sitt fulle ansvar at arbeida vert utført i samsvar med plan- og bygningslova og at

forskrifter til lova vert følgt. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Grunngjevinga går fram at saksutgreiinga.

1.) Framlegg frå Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:

Framlegg frå Halvard Rydland (H):

PMU meiner det er for stor usikkerhet i om foreslått biotopforbetrande tiltak vil medføra ynskja resultat og tiltenkt effekt, og vil difor ikkje anbefale gjennomføring av tiltaket.

PMU sine grunnar for dette vedtaket er at det er for stor usikkerhet til utforming av tiltaka, kostnader og spørsmål om dette er innanfor ansvarsområdet til kommunen.

2.) Framlegg frå Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:

Framlegg frå Krf og SP:

Som rådmannen minus plattformar i vilkår nr. 1. Rydding av eksisterande holmar er tilstrekkeleg, jmf. ornitologisk foreining.

Saksopplysningar:

- Saka skal avgjerast Plan- og miljøutvalet,

Saksdokument vedlagt:

Søknad om løyve utan ansvarsrett og uttale frå Fylkesmannen i Hordaland.


Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Saka gjeldt

Lindås kommune har den 08.01.2014 motteke søknad om tiltak etter pbl § 20-2.

Det vert vist til innsendte søknad og vedlagte teikningar, kart, dispensasjonssøknad og vurdering i høve til naturmangfoldlova motteken 08.01.2014.

Søknaden om tiltak gjeld etablering av gångbru ut til ei holme. Føremålet med gångbrua er å presse bort fiskemåse frå hekksestaden. Brua er om lag 9 meter lang, og har ei bredde på 1 meter. Tiltaket vil ikkje krev naturinngrep, jf. søknaden.



Tiltakshavar har nemnt at det har vore ei nær dialog med Fylkesmannen og Norsk

Ornitologisk foreining ved Arild Breistøl om tiltaket.

Nabovarsel

Søkjar opplyser at tiltaket er etter initiativ frå naboane i området og søkjar ser difor ikkje nokon grunn til å senda ut nabovarsel. Tiltaket var varsla i 2013 utan at det kom inn merknader. Kommunen kan frita søkeren frå å varsla naboar og gjenbuarar når deira interesser ikkje eller i liten grad vert råka arbeidet, jf. pbl § 21-3 (2) 1. punktum. Kommunen meiner at vilkåra for å frita for kravet om nabovarsling er stetta.

Planstatus

Eigedommen er regulert til friområde «Kvassnesstemma Friområde», jf. reguleringsplanen for Felt E Såta. I føresegnene til reguleringsplanen står det at «I friområde kan det oppførast anlegg og bygningar som har naturleg tilknytning til bruken av desse områda, og etter planar som bygningsrådet skal godkjenne. Desse anlegga og/eller bygningane kan ha både offentleg og almenntilgjengeleg føremål.»

Tiltaket er i samsvar med reguleringsplanen for Felt E Såta og overordna kommunedelplan for Knarvik-Alversund.

Uttale frå andre myndigheiter og partar

Søknaden vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og Norsk Ornitologisk foreining v/ Arild Breistøl for uttale. Fylkesmannen skriv at dersom planane er lagde i samarbeid med Norsk Ornitologisk Foreining, og realisering av tiltaket finn stad i ei fornuftig rekkefølge, har ikkje Fylkesmannen innvendingar mot prosjektet no, jf. skriv datert 10.02.2014. Vi har den 14.02.2014 ikkje motteke skriftleg tilbakemelding frå Norsk Ornitologisk Foreining.

Sakshandsamar tok kontakt med Arild Breistøl den 11.02.2014 som kunne stadfeste at innspel til planen er gitt muntleg i eit møte med tiltakshavar. Norsk Ornitologisk foreining har elles sendt inn eit skriv datert 19.11.2012 som også er verdifullt denne saka.

Vurdering:

Unntak frå byggeforbod:

Det er gitt mellombels forbod mot tiltak i området, jf. § 13-1 (1).

Det vert vist til pbl § 13-1 annet ledd som lyder: «Kommunen kan samtykke i at tiltak som er nevnt i første ledd blir gjennomført hvis det etter kommunens skjønn ikke vil vanskeliggjøre planleggingen». Tiltaket vil ikkje hindre eller komplisere planarbeidet innanfor plangrensa til områdeplanen for Knarvik Sentrum. Kommunen kan soleis gi samtykkje i at tiltaket blir gjennomført. Det er ikkje naudsynt å handsame søknaden som ein dispensasjonssøknad.

Plassering:

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at plasseringa blir i samsvar med løyvet.

Visuell utforming:

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjønn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Vurdering av miljøkonsekvensar

Norsk Ornitologisk Forening avdeling Hordland har i skriv av 19.11.2012 vore kritisk til søknaden:

Norsk Ornitologisk Forening avdeling Hordaland er kritisk til å fordrive fiskemåker fra en hekkeplass på denne måten. Fiskemåke er en norsk ansvarsart (ref. DN's Rødliste), noe som skal være kjent i kommunal miljøforvaltning. Fiskemåke er sammen med andre måkearter i betydelig tilbakegang av årsaker vi ikke kjenner til. Denne tilbakegangen gjelder også i Lindås kommune. For fiskemåker er det gjort undersøkelser i Lurøyfjorden som viser at bestanden har hatt en tilbakegang på hele 97% på 30 år. Det Lindås kommune gjør i denne aktuelle sammenheng kan derfor ikke kalles annet enn uansvarlig.

På nettsidene til Nordhordaland Reiselivslag står der å lese at Kvassnesstemma friluftsområde er en naturperle der folk kan sette seg ned på benkene og nyte fuglelivet. NOF Hordaland kan skrive under på at området virkelig har ornitologiske kvaliteter og er et område som stadig vekk besøkes av lokale ornitologer. Det er registret 80 fuglearter i området og sjeldne hekkefugler i fylket som krikkan og toppand hekker faktisk i vannet. Noe av grunnen til at disse to artene hekker her er kanskje fordi at fiskemåkenes intense forsvar av hekkekolonien gir 'gratis' reirforsvar også til disse endene. I litteraturen er dette omtalt som paraply-effekten og er dokumentert for både fiskemåke og hettemåke. Fiskemåkas rolle i Kvassnesstemme gjør den derfor til en hjørnesteinsart i området og forsvinner den er det kanskje ikke så mye igjen av naturperlen som omtales på nettsidene til Nordhordaland Reiselivslag.

I arealplanen for Knarvik og Alversund står det at Kvassnesstemma er tilrettelagt for allmenheten på naturens prinsipper. Det kan virke som om kommunen går i motsatt retning av sin egen arealplan ved å ødelegge hekkeplassene på holmen i Kvassnesstemma. I tillegg må kommunen forholde seg til den relativt nyopprettede Naturmangfoldloven som sier at tiltak som berører naturen med grunnngis og nøye vurderes. Spesielt gjelder dette tiltak som reduserer det biologiske mangfoldet. Dette er et scenario som fort kan oppstå om fiskemåkene velger å hekke på hustak istedenfor øya i Kvassnesstemma.

Ett annet poeng vi ønsker å ta opp står beskrevet i avisartikkelen i Nordhordaland sitat 'Etter det Nh forstår skal måseplagen ved Kvassnesstemma ha blitt større etter at det for ein del år sidan var

bustadutbygging lenger nede mot sjøkanten.' Fiskemåkene blir altså først tvunget til å bytte hekkeplass på grunn av boligbygging der hvor den opprinnelige kolonien låg. Spørsmålet til kommunen og konsulenten som ble benyttet i denne saken er: Hvor tror dere fiskemåkene kommer til å flytte når også holmen i Kvassnesstemme til utilgjengelig for hekking?

Vi i NOF Hordaland tror de kommer til å slå seg ned på det fiskemåkene synes ligner mest på øyer (trygge hekkeplasser), nemlig takene på industribygninger og bolighus i Knarvik sentrum. Støyproblemet blir dermed bare flyttet. Et annet viktig moment er funksjonen til Kvassnesstemma med eller uten øyen til å hekke på. I ferskvannet her får måkene tilfredsstilt to viktige behov. Først den viktige kveldsvasken for å få fjærdrakten fri for saltvann før de går på overnattingsplassene. Det andre er behovet for mat fra ivrige barnefamilier, fuglevenner og pensjonister som mater spurver, ender og måker i naturperlen Kvassnesstemma friluftsområde. Fuglene vil altså helt sikkert ikke unnlate å oppsøke vannet selv om de blir fordrevet av kommunen som hekkefugler.

Konklusjonen er at det å ødelegge hekkeplassene til denne rødlistete arten vil være til lite hjelp mot støypellet naboen til Kvassnesstemma har. Skulle støyen bli svakere til noen tider på døgnet vil man i alle tilfelle flytte 'plagen' til andre naboer.

Naturmangfoldslova:

Prinsippa naturmangfoldslova skal leggest til grunn ved all utøving av offentleg mynde, jf. nmfl. § 7. I det fylgjande vert prinsippa i nmfl. § 8-12 vurdert. Plasseringa av omsøkte tiltak er sjekka ut i forhold til natubasen og artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i naturbasen som blir påverka negativt av tiltaket. I artsdatabanken er det gjort fleire registreringar (935) av fugleartar i området. Blant desse er det gjort registreringar på fiskemåke (nær truet). Det vert vist til skriv frå Ornitologisk foreining av 19.11.2012 der foreininga har opplyst fylgjande:

- området er hekkeplass for blant anna fiskemåker (rødlista) som er ein norsk ansvarsart der undersøkingar viser at bestanden har hatt ein tilbakegang på 97% på 30 år
- området er også hekkeplass for krikand og toppand

I telefonsamtale med Ornitologisk foreining vart det opplyst at dette er ein av dei få koloniane der det vert produsert mykje fugleungar.

Kravet om at saka i hovudsak skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap er oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget er oppdatert, men føre-var-prinsippet er aktuelt i dette tilfellet då det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om verknaden av tiltaket på naturmangfoldet. Tiltaket vil medføre til auka ferdsel inn i det uberørte området. Dei artene som holder til området kan i stor grad bli negativt påverka av tiltaket. Omsøkte tiltak vil dermed kunne føre til skade på ein del av naturmangfoldet. Tiltaket kan medføre ein alvorleg risiko for skade, men dei negative verknadene på naturmangfoldet kan reduserast i stor grad med avbøtande tiltak. Dersom det utførast avbøtande tiltak som skildra nedanfor vert dei negative verknadene på naturmangfoldet mindre vesentlege og akseptable i forhold til det ynskja formålet med tiltaket. Ein er likevel i stor tvil om tiltaket er formålstenleg. Det vert gjort merksam på at det er registrert fleire fiskemåkar på hustak og Knarvik senter etter at fiskemåka vart hindra i å hekke på staden i tidlegare år.

Dersom det viser seg at tiltaket ikkje medfører ynskja resultat må tiltaket fjernast og arealet sikrast mot ferdsle inn i området. Tiltakshavar må dekke kostnadane til dette.

Avbøtande tiltak

I samtale den 11.02.2014 kunne Ornitologisk foreining opplyse at innspel til tiltakshavar sine planar vart gitt muntleg i eit møte. Tiltaket bør gjennomførast etter denne tidsplanen:

1. Planlagde biotopforbetrande tiltak vert gjennomført lenger nord i Kvassnesstemma. Dette omfattar oppbygging av etablerte småholmar i vatnet, samt etablering av hekkeplattformar i nærleiken av dette området.
2. Bygging av gangbru kan først gjennomførast etter at biotopforbetrande tiltak (1) er gjennomført, men ikkje før 2015. Dette for at Norsk Ornitologisk Foreining får moglegheit til å gjennomføre ei kartleggingar slik at ein seinare kan vurdere om tiltaket gir den tiltenkte effekten og vurdere konsekvensar av tiltaket. Bygging av gangbru må vere slutfør før måsane tek til å hekke.

Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ for **2014**. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.1a	1	6.500
Totalt gebyr å betale		6.500

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Plan- og miljøutvalet - 30/14

PM - behandling:

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:

Det vart røysta over kvart framlegg for seg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 1 røyst og fall (Ståle Hauge -Ap)

Framlegg frå Halvard Rydland H vart vedteke med 5 røyster, leiar nytta dobbeltrøysta (Halvard Rydland-H, Jan Erik Hope-H, Ingrid Hindenes-H og Henriette Mjøs-Frp)

Framlegg frå Krf og SP fekk 4 røyster og fall. Leiar nytta dobbeltrøysta si. (Ståle Hauge-AP, Laila Bjørge (SP), Sæbjørg Hageberg Kjeka og Alf Algelskår (Krf)

PM - vedtak:

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 05.03.2014:

PMU meiner det er for stor usikkerhet i om foreslått biotopforbetrande tiltak vil medføra ynskja resultat og tiltenkt effekt, og vil difor ikkje anbefale gjennomføring av tiltaket.

PMU sine grunnar for dette vedtaket er at det er for stor usikkerhet til utforming av tiltaka, kostnader og spørsmål om dette er innanfor ansvarsområdet til kommunen.